

Treårig emneevaluering for DIDAENG2: perioden 2020-2022

Den treårige emneevalueringa gjeld for perioden 2020-2022 og er bygd på eigenevalueringar, studentevalueringar, karakterstatistikkar og erfaring som emneansvarleg for DIDAENG2.

Nedgang i talet på studentar

Denne rapporten dekkjer dei første tre åra etter at det vart innført masterkrav for opptak til PPU. Endringa i opptakskrava har ført med seg ei meir homogen studentgruppe enn tidlegare i den forstand at alle har nådd masternivå i utdanningsløpet. Men vi har samstundes sett ein sterk nedgang i talet på studentar på emnet. I 2020 fullførte 10 studentar DIDAENG2; i 2021 var talet 9, og i 2022 var berre 3 studentar uteksaminerte i emnet. Det låge talet på studentar det siste året har gjort at nokre av undervisningsøktene har vore felles for DIDAENG2 og ENGD301. Vi har ikkje registrert negative tilbakemeldingar frå studentane om dette, og så lenge det blir sett som eit minimum at den første og den siste undervisningsøkta er lagt opp særskilt for emnet, kan det vera fruktbart med tanke på diskusjon og refleksjon å delta i ei større studentgruppe.

Undervisningsformer og -tema

Kvart semester har starta med eit heildagsseminar i felles språkdidaktikk for PPU-studentar med norsk, norsk som andrespråk, fransk, tysk, spansk og engelsk som undervisningsfag. I 2020 og 2021 var temaet fleirspråklegheit, medan seminaret 2022 hadde temaet «Kulturmøte gjennom multimodale tekstar». Desse seminarane behandlar og eksemplifiserer sentrale tema i emneplanen i lys av nyare forskning og får gode tilbakemeldingar frå studentane i høve til arbeidsformer og relevans. I undervisninga elles på DIDAENG2, som først og fremst gått føre seg i form av førelesingar med praksisretta innslag, har danningaspektet vore framtrudande, i tråd med emneplanen. Mellom anna har det vore fokus på korleis interkulturell kompetanse kan fremjast ved arbeid med litterære tekstar. Elles har emnet tatt for seg temaa kritisk analyse av læremiddel, praktiske strategiar for språklæring (inkludert plurilingvalisme), skrivedidaktikk og vurdering av elevar sin kompetanse i engelskfaget. Studentane har jamt over funne temaa relevante for studiet, og dei har sett pris på høvet til diskusjon og refleksjon i undervisningsøktene. Det har også kome positiv tilbakemelding på at nokre av undervisningsøktene vert haldne av lærarar som underviser i skolen.

Undervisarane på emnet har lagt vekt på å aktualisera teoretiske perspektiv gjennom forskings- og erfaringsbaserte døme frå klasserommet. Dette har vore viktig for å følgja opp punkt frå tidlegare studentevalueringar der nokre studentar ønskjer tydelegare samanheng mellom teoriundervisning og erfaringar frå praksis. Tilbakemeldingar frå studentar i denne perioden tyder på at dei finn undervisninga praksisrelevant. Einskilde studentar kunne likevel tenka seg endå fleire diskusjonar rundt konkrete utfordringar ein kan møte i klasserommet.

Ein interessant kommentar frå ein av studentevalueringane var at campusundervisninga vår gjer mykje bruk av tradisjonell førelesingsform med powerpoint-presentasjon, medan vi lærer studentane å praktisera læringsarbeid i klasserommet som i større grad aktiviserer elevane. Studenten etterlyste at vi la opp undervisninga vår på didaktikkemnet meir i tråd med det vi sjølv anbefala som undervisningsformer i klasserommet, noko som kan vera verd å ta med i vidare undervisningsplanlegging. Vi har som generelt prinsipp at undervisningsformene skal vera studentaktive; førelesinga om storyline og autonomi er eit godt døme på at vi også gjer dette i praksis, men sannsynlegvis kan noko av undervisninga vår gjerast endå meir studentaktiv.

Vanskegrad og progresjon i emnet vert i det store og heile opplevd som høveleg ifølgje studentevalueringane.

Vurderingsformer og karakterstatistikk

Studentane på DIDAENG2 kan velja mellom to eksamensformer: skriftleg, rettleidd prosjektoppgåve på 4000 ord og munnleg eksamen med eigen presentasjon følgd av eksaminering. I 2020 og 2021 valde to tredjedelar av studentane prosjektoppgåve og den siste tredjedelen munnleg eksamen. Det siste året (2022) var munnleg eksamen valt av alle tre studentane som fullførte emnet.

Karakterstatistikken på emnet har jamt over vore relativt høg, med følgjande resultat samanlagt for treårsperioden:

- Prosjektoppgåve (14 studentar): 2A, 4B, 4C, 2D, 2E.
- Munnleg eksamen (8 studentar): 2A, 4B, 1C, 1D.

I inneverande periode har det vore diskutert på felles planleggingsdagar for PPU-emna ved UiB korleis ein kan leggja til rette for varierte og komplementerende eksamensformer for studentane. Alle PPU-studentane tar eit pedagogikkemne og to didaktikkemne på 2. semester.

Pedagogikkemnet har ein skriftleg aksjonsforskningsrapport som eksamensform, og dersom studenten vel prosjektoppgåve i eitt eller to av didaktikkemna, blir det fleire lange skriftlege oppgåver med nesten parallelle innleveringsfristar. Det bør difor vurderast kor vidt DIDAENG2 bør avgrensa eksamensforma til kun munnleg eksamen eller implementera ein enkel mappeeksamen der eitt av innslaga er ein digital multimodal tekst. Her er det relevant å nemna at eitt av læringsutbyta for DIDAENG2 er at «studenten kan gjennomføre forskningsbaserte undersøkingar i språkdidaktikk», ein ferdigheit som bør sikrast anten gjennom obligatorisk arbeidskrav eller eksamen. Det kan nemnast at fleire andre didaktikkemne på 2. semester PPU har gjort endringar i eksamensformene, og det kan vera nyttig å innhenta meir detaljert informasjon om erfaringane der.

Generelt

Perioden 2020-2022 har vore sterkt prega av ekstraordinære tiltak som følge av Covid 19-pandemien, med mykje online undervisning og rettleiing. Dette har sjølvsagt ført med seg ulemper, særleg i eit emne der det er viktig for studentane å kunna drøfta teoretiske og praktiske problemstillingar knytte til profesjonen dei utdannar seg til. Endå om ein kunne sjå ei utvikling over tid der studentane vart meir aktive i den digitale undervisninga, gav dei til dømes tilbakemelding om at eit femtimars heildagsseminar var anstrengande å ha på zoom.